DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENT

Prop. 13 S

(2026–2027)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet 2026 under Kommunal- og distriktsdepartementet

Tilråding frå Kommunal- og distriktsdepartementet 20. november 2026, godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)

1 Innleiing

Kommunal- og distriktsdepartementet legg med dette fram forslag til endringar i statsbudsjettet for 2026 i samsvar med punkt 2 nedanfor.

2 Forslag til endringar

Programkategori 13.00 Administrasjon

Kap. 500 Kommunal- og distriktsdepartementet

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 70

Løyvinga dekker gjennomføring av førebelse tiltak og prosjekt, i tillegg til departementet sitt behov for kjøp av statistikk, data, utreiingar, evalueringar og formidling av kunnskap.

I saldert budsjett for 2026 er det budsjettert med 3 mill. kroner til eit arbeid for å fremme produktivitetsutvikling i byggenæringa. Midlane er tildelt Noregs forskingsråd på post 70 til eit forprosjekt for å førebu etablering av nytt forskingssenter om produktivitet i byggenæringa, jf. stikkord «kan nyttast under post 70». I tråd med krav om realistisk budsjettering blir det foreslått å redusere løyvinga med 3 mill. kroner mot ei tilsvarande auke på post 70.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 880 000 kroner for å dekke meirbehov på fleire prosjekt på posten.

Samla blir det foreslått å redusere løyvinga med 2,1 mill. kroner.

Post 70 Diverse føremål, kan overførast, kan nyttast under post 21

Løyvinga dekker kontingentar og enkeltståande tilskot med namngitt mottakar, som ikkje høyrer naturleg inn under andre budsjettpostar.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 3 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon under post 21, jf. omtale under post 21.

Post 72 Noregs forskingsråd, kan overførast

Løyvinga dekker departementet sitt tilskot til Noregs forskingsråd. Det blir foreslått å redusere løyvinga med 5,2 mill. kroner knytt til forseinking i pågåande prosjekt. Det blir samtidig foreslått å redusere tilsegnsfullmakta med 8,5 mill. kroner til 227,9 mill. kroner, jf. forslag til romartalsvedtak. Endringa skuldast ein feil i berekning av fullmakta i saldert budsjett.

Programkategori 13.70 Kommunesektoren mv.

Kap. 571 Rammetilskot til kommunar

Post 60 Innbyggartilskot

Delen som basistilskotet utgjer av finansieringa av fastlegane vart auka frå 1. juli 2026, som følgje av takstforhandlingane med legane. Løyvinga blir foreslått auka med 149,1 mill. kroner for å kompensere kommunane for halvårseffekten av auka basistilskot i 2026.

Kap. 575 Ressurskrevjande tenester

Post 60 Toppfinansieringsordning, overslagsløyving

Ordninga skal legge til rette for at kommunane kan gi eit godt tenestetilbod til mottakarar som har krav på omfattande helse- og omsorgstenester. Toppfinansieringsordninga er ei overslagsløyving der ein del av kommunane sine utgifter i 2025 er refundert av staten i 2026. Kommunane har fått refundert 13 728 mill. kroner, som er 521,7 mill. kroner lågare enn saldert budsjett for 2026. Løyvinga blir derfor foreslått redusert med 521,7 mill. kroner.

Kap. 578 Valdirektoratet

Post 01 Driftsutgifter

Posten dekker løn til dei tilsette, husleige og andre faste driftsutgifter for Valdirektoratet.

Løyvinga blir foreslått auka med 1 mill. kroner. Eit meir tilspissa trusselbilete, særleg på det digitale området, stiller større krav til sikkerheit i valgjennomføringa. Auken skal bidra til å styrke Valdirektoratet si evne til å oppdage og respondere på eventuell uønskt og mistenkeleg aktivitet retta mot datasystema som blir nytta i valgjennomføringa. Sidan det elektroniske valgjennomføringssystemet for valet i 2027 blir teke i bruk frå årsskiftet, er det vesentleg at dette er på plass før utgangen av 2026.

Kap. 579 Valutgifter

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga dekker departementet sine utgifter knytt til val. På grunn av eit forventa mindreforbruk blir løyvinga foreslått redusert med 2 mill. kroner.

Programkategori 13.80 Bustad, bumiljø og bygg

Kap. 581 Bustad- og bumiljøtiltak

Post 70 Bustøtte, overslagsløyving

Bustøtta skal sikre personar med låge inntekter og høge buutgifter ein høveleg bustad. Det er ein behovsprøvd rett for alle personar over 18 år, med unntak av dei fleste studentar og militære tenestepliktige. Løyvinga i 2026 er 4 283 mill. kroner.

For gjeldande løyving vart det lagt til grunn at i gjennomsnitt 97 000 husstandar vil få bustøtte kvar månad, at dei i snitt vil ta i mot 44 100 kroner i bustøtte i året, og at 25 mill. kroner vil bli utbetalt som følgje av klager og etterhandsaming.

Som følgje av høgare inntektsvekst for G-regulerte ytingar og noko lågare prisjustering av eigendelsrelaterte satsar enn det som låg inne i tidlegare prognosar, blir utbetalingane noko lågare enn venta.

Det blir no anslått at i gjennomsnitt 91 000 husstandar vil få bustøtte kvar månad i 2026, med ei gjennomsnittleg utbetalt bustøtte per husstand på om lag 45 000 kroner i året. Anslaget for utbetalingar som følgje av klager og etterhandsaming er uendra.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 150 mill. kroner.

Kap. 2412 Husbanken

Post 90 Nye lån, overslagsløyving

Løyvinga dekker utbetaling av nye lån, i tillegg til berekna, opptente, ikkje-betalte renter på lån frå Husbanken. Låneramma i Husbanken blir fordelt mellom startlån, lån til utleigebustader til vanskelegstilte, lån til bustadkvalitet og lån til studentbustader.

Løyvinga på posten er 29 880 mill. kroner i 2026. Posten blir budsjettert med fleirårig utbetalingsprofil, der startlån i hovudsak blir utbetalt i tilsegnsåret og andre lån har ei seinare utbetalingstakt som går over fleire år. For å få ei meir realistisk budsjettering er utbetalingsprofilen på andre lån enn startlån lagt om, og Husbanken tar utgangspunkt i ei lågare utbetalingstakt for desse låna i budsjettanslaga enn tidlegare, fordi faktiske utbetalingar av andre lån strekk seg over fleire år enn det dei tidlegare har lagt til grunn. Lågare anslag for utbetaling reduserer behovet for løyving i 2026.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 2 827 mill. kroner.

Kap. 5312 Husbanken

Post 90 Avdrag

Posten omfattar ordinære og ekstraordinære avdrag og andre innbetalingar, tilbakebetaling av opptente ikkje-betalte renter og tap. Løyvinga på posten er 14 718 mill. kroner i 2026.

Prognosar for avdraga viser at desse vil bli høgare enn lagt til grunn i gjeldande budsjett. Hovudårsaka er høgare anslag for ekstraordinære innbetalingar. Samtidig gir ny utbetalingsprofil litt lågare anslag for ordinære avdrag.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 966 mill. kroner.

Kap. 5615 Husbanken

Post 80 Renter

Posten omfattar betalte renter på lån, opptente ikkje-betalte renter og rentestøtte. Husbanken tilbyr lån med flytande og faste renter. Løyvinga på posten er 7 467 mill. kroner i 2026.

Som følgje av at ein mindre del av låneramma går til startlån og høgare avdragsinnbetalingar enn forutsett, er den gjennomsnittlege låneporteføljen anslått å vere noko lågare enn lagt til grunn i gjeldande budsjett.

Vidare blir det no lagt til grunn ein netto samla underkurs i 2026 på 200 mill. kroner. Det medfører ein tilsvarande reduksjon i renteanslaget på budsjettposten. Underkurs oppstår når låntakarar med lågare fastrente enn renta i gjeldande tilbod avsluttar låneavtalen før den går ut. Underkursen blir gjort om til frådrag på lånebeløpet, slik at restlånet blir redusert. På den andre sida har dei faktiske flytande rentene i år vore noko høgare enn berekningsrenta som er lagt til grunn.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 79 mill. kroner.

Programkategori 13.90 Planlegging, byutvikling og geodata

Kap. 590 Planlegging og byutvikling

Post 81 Kompetansetiltak innan planlegging og geodata, kan overførast

Løyvinga dekker tilskot til kompetansetiltak. Det blir foreslått å auke løyvinga med 120 000 kroner for å dekke eit meirbehov som skuldast ein reknefeil.

Kap. 595 Statens kartverk

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 01 og 45

Løyvinga skal i hovudsak dekke tidsavgrensa prosjekt og tenester kjøpt frå private leverandørar. Grunna auka aktivitet og behov for faseforskyving av enkelte prosjekt, blant anna modernisering av Kartverket sine fellesløysingar, blir det foreslått å auke løyvinga med 33,3 mill. kroner.

Post 30 Geodesiobservatoriet, kan overførast

Løyvinga går til det tidsavgrensa prosjektet med etablering av eit nytt geodetisk jordobservatorium i Ny-Ålesund. Investeringsprosjektet sluttførast i 2026. Prosjektet har etablert ein moderne stasjon for geodetiske målingar som kan virke saman med eit nettverk av nokre titals tilsvarande målestasjonar fordelt over heile verda.

Grunna uføresette kostnadar knytt til grunnforholda og ombygging av arbeidslokala, blir det foreslått å auke løyvinga med 900 000 kroner.

Kap. 3595 Statens kartverk

Post 01 Gebyrinntekter tinglysing

På posten blir det ført inntekter knytt til gebyr for rettsregistrering av burettar og tinglysing i fast eigedom. Som følgje av nedgang i talet på rettsstiftingar blir det foreslått å redusere løyvinga med 9,3 mill. kroner.

Kap. 5635 Electronic Chart Centre AS

Post 85 Utbytte

I saldert budsjett vart det anslått eit utbytte frå Electronic Chart Centre (ECC) på 3 mill. kroner. På generalforsamlinga i juni 2026 vart det vedtatt eit utbytte på 8,4 mill. kroner, tilsvarande 90 pst. av overskotet for 2025. Det blir derfor foreslått å auke løyvinga med 5,4 mill. kroner.

Kommunal- og distriktsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2026 under Kommunal- og distriktsdepartementet.

Vi HAAKON, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2026 under Kommunal- og distriktsdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag
til vedtak om endringar i statsbudsjettet 2026 under Kommunal- og distriktsdepartementet

I

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
500		Kommunal- og distriktsdepartementet:	
	21	Særskilde driftsutgifter, *kan overførast, kan nyttast under post 70*, blir redusert med	2 120 000
		frå kr 54 111 000 til kr 51 991 000	
	70	Diverse føremål, *kan overførast, kan nyttast under post 21*, blir auka med	3 000 000
		frå kr 3 376 000 til kr 6 376 000	
	72	Noregs forskingsråd, *kan overførast*, blir redusert med	5 235 000
		frå kr 78 735 000 til kr 73 500 000	
571		Rammetilskot til kommunar:	
	60	Innbyggartilskot, blir auka med	149 100 000
		frå kr 202 151 193 000 til kr 202 300 293 000	
575		Ressurskrevjande tenester:	
	60	Toppfinansieringsordning, *overslagsløyving*, blir redusert med	521 728 000
		frå kr 14 249 945 000 til kr 13 728 217 000	
578		Valdirektoratet:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med	1 000 000
		frå kr 79 147 000 til kr 80 147 000	
579		Valutgifter:	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med	2 000 000
		frå kr 8 832 000 til kr 6 832 000	
581		Bustad- og bumiljøtiltak:	
	70	Bustøtte, *overslagsløyving*, blir redusert med	150 000 000
		frå kr 4 283 000 000 til kr 4 133 000 000	
590		Planlegging og byutvikling:	
	81	Kompetansetiltak innan planlegging og geodata, *kan overførast*, blir auka med	120 000
		frå kr 10 235 000 til kr 10 355 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
595		Statens kartverk:	
	21	Særskilde driftsutgifter*, kan overførast, kan nyttast under post 01 og 45*, blir auka med	33 300 000
		frå kr 374 635 000 til kr 407 935 000	
	30	Geodesiobservatoriet*, kan overførast*, blir auka med	900 000
		frå kr 33 000 000 til kr 33 900 000	
2412		Husbanken:	
	90	Nye lån*, overslagsløyving*, blir redusert med	2 827 000 000
		frå kr 29 880 000 000 til kr 27 053 000 000	

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
3595		Statens kartverk:	
	01	Gebyrinntekter tinglysing, blir redusert med	9 300 000
		frå kr 495 839 000 til kr 486 539 000	
5312		Husbanken:	
	90	Avdrag, blir auka med	966 000 000
		frå kr 14 718 000 000 til kr 15 684 000 000	
5615		Husbanken:	
	80	Renter, blir redusert med	79 000 000
		frå kr 7 467 000 000 til kr 7 388 000 000	
5635		Electronic Chart Centre AS:	
	85	Utbytte, blir auka med	5 427 000
		frå kr 3 000 000 til kr 8 427 000	

II

Tilsegnsfullmakt

Stortinget samtykker i at Kommunal- og distriktsdepartementet i 2026 kan gi tilsegn om tilskot ut over løyvinga som er gitt på kap. 500 Kommunal- og distriktsdepartementet, post 72 Noregs forskingsråd, men slik at samla ramme for nye tilsegn og gammalt ansvar ikkje overstig 227,9 mill. kroner.

Trykksak
2041 0446

Departementenes sikkerhets- og serviceorganisasjon